

Fråsegn mot trasealternativ 1.0 med tilknytning til Ålfoten TS og landtak ved Bortnen.

Kabel i Bortnepollen

Som det går fram av kapittel 7.4 i meldinga er Bortnepollen registrert som eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Dokument frå Arkivverket anno 1799 – 1800 syner kor vesentleg den fiskerike pollen gjennom alle tider har vore for busetnad og næringsgrunnlag. Bortnepollen vart då fredlyst med eksklusiv rett til fiske for tilgrensande oppsitjarar.

Det kjem fram i kapittel 7.9 i meldinga at magnetfeltet frå sjøkabelen kan påverke marint liv. Kabelen vil gå gjennom ein smal fjord og soleis kome tett på fisken. Sjølv anadrom fisk som står høgt i sjøen vil kunne bli påverka når kabelen går i sjø rett ved utløpet av Bortneelva. Sikker kunnskap om korleis stråling eller lyd frå ein 132kV kabel påverkar fisken i dette tilfellet kan vanskeleg innhentast på kort tid, og då skal kabelen heller ikkje leggjast her.

I tillegg vil ein større tareførekomst verte påverka. Her må «føre var» prinsippet gjelde, og vi er sterkt mot å få ein sjøkabel i Bortnepollen.

Det er også rasfare i Bortnepollen, særleg i indre del med utheng rett over sjøen. Frå dette området fall det på 1990-talet store steinblokker rett i fjorden.

Magnetfelt nær bustadhus.

Dei helsemessige verkknadane av magnetfelt er usikre. Denne uvissa vil kunne forringe livskvaliteten for dei som får kabelen tett på bustadhus.

Kabelen vil også kome tett på industribygget og gjere det lite attraktivt som arbeidsstad og soleis gi negative følgjer for utvikling av arbeidsplassar lokalt. Ein må då rekne med vesentleg verdifall av bygg og industriområde.

I statens strålevern sin rapport frå 2005 «Forvaltningsstrategi om magnetfelt og helse ved høyspentanlegg» vert det tilrådd å vidareføre praksisen med at ein vel alternativet som gir lavast mogeleg magnetfelt når dette kan forsvarast i forhold til meirkostnader eller andre ulemper av betydning.

Bandlegging av privat eigedom

Bortnen er ei trong fjordbygd, og mykje fulldyrka innmarksareal vart omgjort til vegareal, lagt under tunnelmasse eller bandlagt kring fylkesveg 616 som vart opna i 2013. I 2022 vart ny 132kV linje bygd gjennom Bortnen med meir bandlegging både av inn- og utmarksareal.

På toppen av det heile kan vi no få ei tredje høgspenlinje tett på oss med kabel lagt sentralt i bygda. Dette vil medføre ytterlegare bandlegging av utmarksareal, areal på gardstun, over innmark, nær fleire bustadhus og over vår felles fjære som er einaste strandarealet vi kan nytte som friluftsområde med god tilkomst til sjøen. Industribygget står heilt i tomtegrensa mot syd der det fort kan bli aktuelt med ei utviding av industritomten, men ein kabel i grunnen der vil hindre dette. Det vert lite areal att som elles kan nyttast av folket som bur og har eigedom i bygda. Trasevalet må derfor flyttast bort frå bygda.

Kvikkleire og lausmasse i grunnen ved bygningar

Grunnen der den skisserte kabeltraseen kryssar innmarka mot sjøen består av naturleg avsett lausmasse. Ein vasstraum som vert sterkt påverka av nedbørsmengda går gjennom lausmassane, og her er det også påvist kvikkleire. Fleire bygg har setningsskadar. Dette gjeld særleg bustadhuset nærast kabelen (Bortnepollen 3), og industribygget (Bortnepollen 1) som står på fylling av tilkøyrtd fjæremasse over naturleg avsette lausmassar i fjæregrunnen.

Graving av djupe grøfter over innmarka og vidare tett på industribygget vil gjere grunnen mindre stabil, og soleis forsterke både setningsskadar og faren for leirskred. Følgjene vert fatale for alle som vert skadelidande, og det er høgst usikkert om Equinor vil vedgå at kabelgrøfta er årsak til slike skadar. Trasen må derfor flyttast bort frå dette området.


Friluftsområde – Skarvatnet (Skoravatnet)

Som det går fram av kapittel 7.3 i meldinga er Skoravatnet registrert som eit viktig friluftsområde som er mykje brukt av folk i alle aldrar. Trass i at området alt er påverka av to høgspenlinjer, vil ei tredje høgspenline forringe opplevingskvaliteten vesentleg og bør derfor unngåast.

Alternativ langs Skora.

Også dette alternativet vil byggje ned verdfull natur, men kjem minst i konflikt med innvendingane ovanfor. Vi vil presisere at det absolutt ikkje er ynskjeleg med fleire kraftlinjer og meir nedbygging av natur i Bortnen, men langs Skora vill luftspennet bli minst synleg, gjere minst inngrep i bygda og naturen, og landfallet vert utanfor gyteområdet i Bortnepollen.

Alternativ:



Uttak frå trafostasjon på Grov.

Til slutt har vi som merknad at det synest underleg at kabeltrase med utgangspunkt på Grov ikkje er med som alternativ. Uttak frå Grov må vere det beste alternativet med tanke på berekraft, naturinngrep og tap av rein energi.

På møte i Svelgen vart de sagt at tapet i sjøkabelen var ca 10%, Med landtak i Bortnen vert sjøkabelen ca 1,5mil (ca 7,5%) lenger enn frå Grov eller Nesbø. Dette gir eit ekstra eit tap som med 160MW overføring tilsvarer årsforbruket (25000kWh/år) til 420 husstandar. Når elektrifisering av Tampen skal framstå som eit miljøtiltak stiller vi derfor spørsmålsteikn om kvifor Bortnen i det heile er alternativ, og kvifor Grov- alternativet blir forbigått.

Bortnen 24.03,2025

Per Torheim
- for grunneigarane i Bortnen -